

## ÅTTA AUGERUNDT EIT BORD

### IDEAR TIL DRAMATURGISK OPPBYGGING

#### LYDKULISSE VED INNSLEPP:

Utdrag frå BREVA frå informantar lagt i ein kollasj, som kviskrande stemmer

*Det var en rar og alvorlig stemning, og ingen ville si hva det var...*

*Jeg husker at de dagene pappa kom for å hente meg, så satt jeg på en stol foran vinduet...*

*Jeg skulle ønske jeg ble sett og hørt, jeg skulle ønske de skjønnte det når jeg gråt...*

*Jeg skulle ønske de fikk bli gamle sammen. Hvis de kunne klart å være de gode vennene de var..*

*Jeg var redd. Redd for å knytte meg til andre, redd for å ikke bli likt. Redd for å elske..*

*Jeg har alltid lett etter svar..*

#### VISUELT VED INNSLEPP:

Sigrid Undset sin tekst som ligg prosjisert på ein/fleire av kassane, først denne linja:

*"Det er utrolig hva barn kan glemme, og hvor fort et barns sorg kan være liksom oppløst i intet."*

Og alle er inne, og lys/lydkulisse samlar rommet, blir sitatet fullført..:

*"Men det er like sant at barn kan oppleve noe sånn så det aldri glemmes,*

*og det mens det står og går midt imellom voksne mennesker som ikke aner at det skjer noe.*

*Inntrykk synker dypt inn i det åpne sinn, tilføyer det sår som aldri heler..."*

Eit dempa lydteppe som små sukk/dybdetonar i saxofon ligg mot ein tynn streng, som eit slør av lyd elektronisk. Lydkulisse leder inn mot vokal på "Eg står midt i..."

Rommet elles er tilsøra...dus røyk ligg som støvkorn i dempa belsyning.

Ei jente er der. Kledd i svart, som ei pynta dukke, men usminka, kjær...

### IDE TIL ANSLAG

*"Eg trur eg elsker deg..."*, sa eg ein gong...

*"Eg trur eg elsker deg..."* Urolig blick. Stille. *"Elsker du meg..?"*

*Stille...*

*"Bittelitt..."*

Rommet opnar seg – skilsmissebarnet har vendt tilbake, bakom, der alt ligg gøymt.

HEIMEN er rasert, som i ruinar.

Alle minner, all fortid stua bort.

Gøymt, gløymt. Stille.

Kvifor tilbake i dette rommet akkurat no?

Fordi ein sjølv står i møte med det å elska, å tru på at ein er verdt å elska.

Å våga å vera heilt nær, stola på, kvila i, sårbar, trygg, tapper...

Å sjølv stå i livet, i draumen.

Å vera eitt, bygga rede, ein familie, ein heim.

*Kvifor er det så føkkings komplisert?  
Kvifor er eg så føkkings....komplisert?  
Avstumpa, uten språk for kva eg føle på..  
Føkkings livlaust, kontrollert, i fastlåste mønster.*

*Eg må finna ut av kva det har gjort med meg, det som skjedde..*

*Er tilbake. Ser tilbake. Må finna svar.*

*Detta var min heim,  
detta var min familie  
skapt av to som elska*

*Her var eg ønska, båret, famna om  
No er alt rakna, sundtreve*

*Stille forvitra veggane,  
det som var blei viska bort*

*Og hjerta mitt lukka seg  
litt etter litt...*

*Sunge:  
Eg står midt i  
eg står gøymt, taus, midt i*

*Eg står midt i  
eg står gløymt, lito, midt i*

*Ingen ser, der er ingen her eg er  
gøymt, taus, midt i...*

*Eg er dotter,  
eg er søster, bror  
Eg er far, eg er mor*

*Eg er han som prøver å elska  
ho som prøver å forstå  
Eg er dei som prøver å tilgi*

*Eg er sår du ikkje kan sjå*

*Eg er ein, eg er to  
eg er tre, fira...*

*Ei stemma av mange ansikt. Eg er....*

## *SEKVEN SAR - utspela i tekst, bevegelse, visuelle element og musikk*

Vidare tekst er tankestraumar, idear og forslag til sekvensar.  
Desse vil bli arbeida med og strukturert.

### **KRIG....**

Du våknar av draumen. Harde stemmer. Rop, skrik, frykt, sinne. Blikk du ikkje har sett før. Hat som snerrer, glefser, spyttar, slår. Bakken skjelve, alt raser sammen, steinar kneiser, dundrande buldring, lavaen slår opp,...og kvart slag knebler tårene som sprenger på. Eit emosjonelt minefelt... Torpedert av to som ikkje ser, som ikkje er...der...lenger.

*"Å være den som forsvarsløst befinner seg midt i en krigssone.."*

*"Å løpe mellom skyttergravene... i en krig der noen aldri egentlig vinner."*

*No er alt borte  
brutt opp, delt, rakna, rivna, knust, røska opp med roto*

*og eg står midt mellom to  
som elska  
som elska...*

*som hater  
som forakter  
som spytter, glefser, som ikkje fordrar trynet på kvarandre  
som gyver laus på kvarandre  
som fyrer av den eine kraftsalven etter den andre  
som forbanner*

*som sakte dreper  
eit liv som var*

### **AVVISNING – UTDRA G FRA BREVA**

#### **HEIMEN – DØDEN?**

Når nokon døy r, er dei borte. Det kan eg forstå.  
Men når nokon er borte, men ikkje døde, då...kva då?

Det "vi" som vi var er borte..."VI" er døde...for kvarandre...  
Fundamentet i ruinar, grunnmuren rasert, knust.  
Alt blir lagt lokk på, lukka, låst. Ikkje-eksisterande. Dødt. Borte.

*"Av jord er du kommet..."*

Men me er likevel her...

## FAKTA

Sissel Gran: Vi vet fortsatt ikke nok om hva som egentlig skjer med barn som mister familien sin i fredstid – fordi foreldrene har villet det. Hva som skjer med de, følelsesmessig. Men når vi spør ungdommer som har opplevd foreldrenes skilsmisse (og ikke bare de konfliktfylte), så er det jo det de sier – at de opplevde at familien døde..

## FAMILIEN

Kva er no ein familie, sånn egentlig?

Kva er den verdt?

Er den vits...i?

Spør du eit barn, får du svar...

*”Hva er en familie” – fra den store barnesitatboka, Unni Lindell:*

*En familie er noen folk som vasker klærne sine i samme vaskemaskin.. Ingeborg Marie, 7 år*

*Den første familien som oppsto på jorda, besto av Gud, Maria, Jesus, et esel, fem sauer og disprilene...Gabrielle, 8 år*

*Foreldre må lage en familie fra grunnen av. Erle, 7 år.*

*I befruktningøyeblikket smelter faren sammen med moren. Marita, 9 år*

*Babyer er laget i gjerningsøyeblikket. Bård, 8 år*

*Hvis frøet fra faren ikke treffer morens egg, blir det bare en vanlig omelett av det. Mikkil, 6 år*

*Når babyen er inne i magen til moren sin, kalles den foster. Moren kalles fostermor. Det første som blir dannet på fosteret er ørene.. Idun, 6 år*

*Familier består oftest av en mor som jobber og en far som jobber, og en unge som slapper av...*

*En familie består av fire hode, åtte armer og åtte bein.. per Magnus, 8 år*

*Når noen blir skilt, hater de hverandre. Emely, 6 år*

*Ikke nødvendigvis. Det kan bare hende at de ikke tåler trynet på hverandre lenger. Mattis, 8 år*

*Det er veldig typisk for foreldre å skylda på barna sine hvis det for eksempel skjer en katastrofe inne i leiligheten. Oliver, 6 år*

*Det er viktigere å ha kontakt med seg selv enn å ha kontakt med familien. Sondre, 9 år*

*Forskjellen på ordentlig krig og krangling hjemme er at i ordentlig krig bruker man kniver og bomber, mens hjemme bruker man bare tennene og trestokker. Fredrik, 8 år*

*Jeg er redd for krig. Noen ganger får jeg ikke sover fordi jeg tror jeg hører bomber..., men så er det bare naboene som støvsuger.... Linn Elise, 6 år*

”Sammen for alltid...”, sa ei anna jenta ein gong.

Ottar Næss:

Det som overrasket oss ved forskningsprosjektet, var hvor mye barna husket av stemningen i huset, og stemningen mellom de voksne... Våre informanter husket detaljer som man vanligvis bare husker ved alvorlige krisesituasjoner...

## EG HUSKER....

*Eg huske mamma som sat på sengekanten og strauk meg over ansiktet.*

Eg huske stillheten rundt middagsbordet. Blikko.  
Eg huske rommet som ikkje var der for å snakka om ting.  
Pappa som gjekk og la seg tidleg.

Eg huske parfymelukto av ho som han.... Sminken. Blikko.  
Den heilt jævlige flørte, som dei trudde me ikkje såg. Følte på. Hata.

Eg huske mamma var gravid då det skjedde.  
Eg huske bror min, kor heilt jævlig han hadde det.  
Søstero mi som ikkje var der, som stor utenfor, lukka att.

Eg huske kveldane med krangling. Nettene med gråt.  
Stillheten rundt frukostbordet.  
Sorgen i augene. Splittelsen.  
Rommet som ikkje var der for å snakka om ting.

Eg huske alt det fina med hadde sammen.  
Reisene, festane, karneval i hagen, latter, song, glede.  
Herlige kveldar i seinsommarsol...

Eg huske bror min som hadde det heilt jævlig...  
Han såg ting. Følte ting. Gjorde det han kunne for at alt skulle vera bra.  
Ryddu bort alt som kunne komplisera. Skapa trøbbel. Tok ansvar.  
Eg huske samtalan med dei som skulle hjelpa oss å bli kvitt problemet...hans.  
Men det var ikkje han. Han var ikkje problemet, problembarnet, den urolege, forstyrra..  
Han var eit barn. Berre eit barn. Som elska, som gråt, som streva, som sørga.

Eg huske åra som går, ei tid som er borte. Eg huske ikkje mykje, sånn egentlig.

Men eg huske sorgen i augene til mamma. Dagane ho var borte.  
Blikket til pappa. Hardt. Kaldt. Vondt.

Eg huske at eg fekk veta ting eg ikkje burde visst.  
Stillheten rundt bordet. At eg vart som ei mor heima.  
Eg såg kor vanskeleg det var, kjente kvar fiber i kroppen ropa.  
Ville dei skulle løysa floken. Finna ut av det.

"Dåke må snakka sammen! Dåke må finna ut av detta! Dåke må snakka sammen!"  
Finna ut av det. Løysa det. Så me kunne få tilbake det fina...som var.  
Eller iallefall få tilbake noko, som var borte.

Eg huske han som ho fann sin flukt i. Som berre eg visste om.  
For eg såg. Spurte. Ville veta.  
Eg huske splittelsen.

Eg huske sorg som vart sinne, frykt som vart forakt, tårer som vart...hat.

*Eit lukka liv, ein mann med skylappar, halvtomme flasker, sinne, forbannelse, tårer som vart tomater smadra mot eit bilde av mamma på kjøkenet. Stillhet rundt bordet. Tomme blikk. Eit liv som var, men ikkje var.*

*Eg huske oss søskeno. Splittelsen. Sorgen.  
Rommet som ikkje var der for å snakka.  
Kven skulle me lena oss inntil?  
Kor hørte me heima?*

*Eg huske ein biltur med mamma, kor eg sa:  
"Detta er berre så heilt jævlig, mamma...det er eit helvete.  
Det hadde vore bedre om dåke begge var døde."*

*Kan eg nokongong elska igjen?  
Drømma igjen?  
Håpa igjen...*

## **FAKTA**

*"Stemmer det at ein skilsmisse ofte blir sidestilt med traumatiske hendelsar som krig og naturkatastrofer? Eg trur det var onkelen min som er lege som nemnte det ein gong.."*

Ottar Næss: Ja, det stemmer nok det.

*"Å leve i en konstant trykk-koker må jo få sine konsekvenser.."*

Anne Holt: Skilsmisser er et samfunnsproblem, som i tillegg må betraktes som en torpedering av barns emosjonelle base....

*"SAMMEN FOR ALLTID..."  
ELLER BERRE BRIKKER I EIT SPEL?*

## **KONFIRMASJON....**

Kongen, dronning, kamp...strategisk spel, krigens etterdønningar, spenning, kvart smarte trekk...Bondebarna...springar, tårn, mur...listige trekk, utspekulerte, manipulerer, følelsmessig innvadering....dukker, brikker....liksom me leika med dukkene, blir barna brikker i eit spel...

*"Jeg kan ikke være lei meg, jeg må passe på.."*

*"Jeg blir limet, den som holder ting sammen...med en oppgave;  
å være det perfekte barnet, må være vittig, fortelle morsomme ting..."*

Det knuste, smadra bildete, som ein brikke for brikke ønsker å halda sammen..  
Voksne som blir hjelpeløse som barn. Rollebytte – kven blir "den vaksne" i familien?  
Den som trøyster, forstår, tar ansvar, går imellom, justerer, regulerer, tilpassar seg etter stemningar, humør – etter beste evne, over evne....barnet. Skilsmissebarnet.

*"Midt imellom, og ingen steder..."*

*Eg er  
mellom to*

*Ikkje her  
ikkje der*

*Eg er  
midt i mellom*

*Eg er mellom alt  
ikkje her  
ikkje der*

*Midt i mellom alt*

*"Barn er mye er følsomme for stemninger i omgivelsen enn voksne ofte later til å tro.  
Barn reagerer, og de protesterer med kroppslige reaksjoner – men selv ikke da er det alltid vi  
skjønner hva de ønsker å fortelle oss.."*

## **KROPPEN**

*Det set seg i kroppen, kvar minste vesle ting.  
Stemmene, blikka, hånda som holde deg, hånda som slår..  
Orda som trøyser, som knuser, smadrar.  
Stillheten som drep.*

*"Følelser som blir møtt, de roer seg. Men følelser som ikke blir møtt, de vokser.."*

*"For dem som ikke hører musikken må jo danseren se helt gal ut"*

*"Å aldri føles hel. Være delt. Å aldri ha hode og kropp på samme sted.."*

## **FAMILIEN**

*Kva betyr det egentlig  
å elska,  
å holda sammen,  
og vera eitt*

*på tross av  
når på grunn av ikkje finst lenger  
når på grunn av blir for vanskeleg,  
umulig,  
for opne sår pumper*

*Kva betyr det egentlig  
å elska,  
å holda sammen  
og vera eitt*

*Når barnet gråter  
ein stille gråt?*

*Kva betyr det egentlig,  
å elska,  
å holda sammen,  
å vera eitt,  
når det som var  
ikkje er lenger...*

*men me er her  
me er her  
me er....her*

#### **KONSEKVENSAAR – Anne Holt, Ingunn Størksen, Frode Thuen**

”Listen over potensielle skadeviskninger av skilsmisser er vond som er langt år; lærevansker, psykiske plager, tap av tillit til andre, adferdsvansker, senere mangel på evne til å inngå forpliktende relasjonar, blant andre...”

”Personer med skilte foreldre ser ut til å utsette ekteskapet – eller la være å gifte seg. Blandt de som faktisk gifter seg, finner vi høyere rater av skilsmisse.”

”For skilsmissebarn er sjansen for at eget ekteskap bryter dobbelt så stor. Er begge barn av skilte foreldre, er sjansen trippel så stor”.

”25% av skilsmissebarn strever med alvorlige sosiale, psykiske eller emosjonelle problemer”

#### **SPØRSMÅL...FAKTA:**

Frode Thuen:  
Hvordan forebygge? Hvordan håndtere?  
Hvordan spille hverandre gode?

Anne Holt: Vi må se det som ligger bakenfor – dette samfunnet vi lever i.  
Hva er det med det moderne Norge som gjør det så utrolig vanskelig å holde sammen?  
Vi må rette rette søkelys på tidsbruk og materielle krav, arbeidslivsmønstre og kjønnsroller, granske oss selv og de grunnleggende valg vi treffer i livet – hvorfor vi treffer dem, og på alvor ta inn over oss konsekvensene...



*"Eg trur eg elsker deg..." , sa eg ein gong...  
"Eg trur eg elsker deg.." Stille. Uro i blikket.  
"Elsker du meg?"*

*Stille...  
"Bittelitt..."*

*BITTELITT? Går det an å berre elska bittelitt?*

*GIFTARMÅL?*

*Så kjem bryllupsdagen, du står i kvit kjole, han i kjole og hvitt...  
Den store dagen du har gleda deg til, grugleda deg til...og grudd deg til.  
Men dei som du har kvidd deg for å ha der rundt bordet er uventa gode, fredfulle...  
Eit lunt blick mot deg, mot kvarandre, ein skål for brudeparet, latter, glede, lys,  
– som om alt er tilbake, til sånn som det var før.*

*Ein himmelboge står spent over alt det vonda, all uro, all sorg, alle sår...*

*Men me kjem aldri dit...*

*For me to prøver å halda sammen det knusta bilete allereie før me har begynt.  
Frykt for å bli avvist, tvilen som rår, dei djupaste sår...*

*Det er sår som er så djupe at ingen kan sjå dei  
Sår som er gøymt så ingen kan nå dei  
Sår som er så store at ingen kan spøta på dei  
Sår som gjer så vondt at du mest ikkje rår dei...*

*Der du står naturlig spent, litt stille, sjenert, i møte med ho som kanskje blir di...der les eg  
avstand, kulde, tvil. Og du, som med lukka hjarta verkeleg treng meg, at eg er varm, at eg  
famnar om deg, held enno meir tilbake. Og begge går hand i hand, men avstumpa, redde...*

*Kvart steg eg gjekk, var i frykt for å mista deg  
Kvar stund me fekk, sat eg spent, utan ro  
Redde, som små barn, med opne sår*

*Eg trenger deg.*

*Eg trenger at du ser meg.  
At du elsker meg.*

*Eg er så mykje meir enn...alt detta.  
Men eg er...alt detta.*

## **"Claude Debussy – Suite Bergamasque III: Clair de lune"**

Medan barnet samlar saman alle bitane, alt det ho har røska frå kvarandre.

*Detta var min heim,  
detta var min familie...*

*Eg er ho som drøymte ein gong  
eg er han som gjekk seg vill  
eg er alle sin sørgesong*

*Eg er ein, og enno ein til*

*Eg er glede, eg er sorg  
smerte, eg er håp  
hat, forakt  
tilgivelse?*

*Eg er liv, død  
Eg er krig, fred*

*Eg er...fred  
Eg er fred  
Eg er fred..*

*Eg er så mykje meir enn.....alt detta.*

*Men eg er...alt detta.*